



Fylkesmannen i Vestland

Kommunal- og moderniseringsdepartementet
Postboks 8112 Dep
0032 OSLO

Vår dato:
16.09.2019

Dykkar dato:
25.06.2019

Saksbehandlar, innvalstelefon
Kåre Træen, 5764 3004

Vår ref:
2019/13545

Dykkar ref:
19/41

Utsett innsyn til statsbudsjettet er offentleg, jf.
offentleglova § 5

Fordeling av skjønnsmidlar til kommunane for 2020

Fordeling av skjønnsmidlane

Vi viser til brev datert 25. juni 2019 og tildelt skjønnsramme for Vestland. For kommunane i Vestland har Fylkesmannen fordelt ramma slik:

Kommunenr.	Kommunenamn	Skjønn i 1000 kroner		endring
		2020	2019	
4601	Bergen	16 000	16 500	-500
4602	Kinn	12 900	12 900	-
4611	Etne	3 300	3 500	-200
4612	Sveio	3 400	3 600	-200
4613	Bømlo	7 100	7 900	-800
4614	Stord	2 200	2 300	-100
4615	Fitjar	3 300	3 100	200
4616	Tysnes	3 000	3 300	-300
4617	Kvinnherad	-	-	-
4618	Ullensvang	4 100	4 100	-
4619	Eidfjord	-	-	-
4620	Ulvik	-	-	-
4621	Voss	6 800	6 800	-
4622	Kvam	6 300	7 000	-700
4623	Samnanger	2 200	2 300	-100
4624	Bjørnafjorden	5 900	5 900	-
4625	Austevoll	1 300	1 400	-100
4626	Øygarden	3 100	3 100	-
4627	Askøy	1 800	1 800	-
4628	Vaksdal	800	900	-100
4629	Modalen	-	-	-



Kommunenr.	Kommunenamn	Skjønn i 1000 kroner		endring
		2020	2019	2019 - 20
4630	Osterøy	3 800	4 000	-200
4631	Alver	7 300	7 300	-
4632	Austrheim	2 000	2 000	-
4633	Fedje	1 300	1 200	100
4634	Masfjorden	-	-	-
4635	Gulen	-	-	-
4636	Solund	1 500	1 500	-
4637	Hyllestad	1 300	1 300	-
4638	Høyanger	-	-	-
4639	Vik	-	-	-
4640	Sogndal	6 500	6 500	-
4641	Aurland	-	-	-
4642	Lærdal	-	-	-
4643	Årdal	-	-	-
4644	Luster	-	-	-
4645	Askvoll	1 300	1 600	-300
4646	Fjaler	1 600	1 700	-100
4647	Sunnfjord	13 000	13 000	-
4648	Bremanger	-	-	-
4649	Stad	2 500	2 500	-
4650	Gloppen	600	600	-
4651	Stryn	-	400	- 400
Til fordeling i budsjettåret		36 800	38 300	-1 500
SUM		163 000	168 300	-5 300

Fylkesmannen har i si vurdering nyttat:

- Kommunal- og moderniseringsdepartementet (KMD) sitt brev om fylkesvise skjønnssrammer med retningslinjer, datert 25.06.2019.
- Kommuneproposisjonen for 2020.
- Søknader/innspel frå kommunane
- Eigne vurderingar og overordna økonomisk analyse av den enkelte kommune.

Nasjonalt er basisramma for skjønnsmidlar til kommunane redusert med 50 mill. kroner samanlikna med 2019 (5 %). Reduksjonen er overført til innbyggjartilskotet i inntektssystemet. Ramma til Vestland er 163 mill. kroner. Samanlikna med 2019 er det ein reduksjon på 5,3 mill. kroner, eller 3,3 %. Fordeling av skjønnsmidlar for 2020 er første året med ein fullt ut samla prosess i nye Vestland. Dei to tidlegare embetra har hatt noko ulike prosessar fram mot fordelinga til kommunane. Dette er no langt på veg samordna. Men arbeidet til neste år med fordelinga for 2021, må også nyttast for å få til ein fullt ut heilskapleg fordeling til kommunane i Vestland. Frå 2020 blir det og ein ny kommunestruktur med 43 kommunar i Vestland, mot 59 i dagens inndeling. Dette skal det og takast omsyn til i fordeling av skjønnsmidlane.



Fordeling av ramma mellom ulike typar skjønnsmidlar

tal i 1000 kr	2020
Ordinære gjennom statsbudsjettet	126 200
Fornyings- og innovasjonsprosjekt	22 100
Midlar til fordeling i budsjettåret	14 700
Sum	163 000

Midlar til fornyings- og innovasjonsprosjekt og fordeling i budsjettåret er førebelse rammer, og det kan i budsjettåret verte endringar mellom desse rammene. Samanlikna med 2019, er reduksjonen for ordinære skjønnsmidlar fordelt gjennom statsbudsjettet på 3,8 mill. kroner, eller 2,9 %. Det er difor vanskeleg å auke opp skjønnsmidlar for enkeltkommunar som dokumenterer at det er behov for det. Ramma for midlar til fordeling i budsjettåret er auka opp samanlikna med 2019. Dette er m.a. fordi det per tidspunktet for fordelinga er uvisse knytt til endelege inntektsoverføringer til nye kommunar. Informasjon om midlar til fornyings- og innovasjonsprosjekt blir lagt ut på fylkesmannens nettside og sendt brev til kommunane, med søknadsfrist 1. mars.

Retningslinjer og omsyn som er lagt til grunn i fordelinga

I brevet frå departementet til fylkesmennene er det presisert at føremålet med skjønnsmidlar er å fange opp lokale tilhøve som ikkje er vareteke godt nok i inntektssystemet eller gjennom andre tilskotsordningar, og bidra til utvikling og fornying i kommunane. Skjønnnsramma skal også vareta behov som kan oppstå i løpet av året. Fylkesmannen skal gjere ei heilskapleg vurdering av kommunanes økonomi og behov. Det er vist til at skjønnsmidlar bør bli gitt på grunnlag av kommunen sin overordna økonomiske situasjon, og ikkje på grunnlag av tilhøve i einskildståande sektorar.

I tillegg til nemnde overordna retningslinjer frå departementet har Fylkesmannen vurdert følgjande omsyn saman med den skjønnsmessige vurderinga:

- Kompensasjon for bortfall av differensiert arbeidsgjevaravgift

Ordninga med differensiert arbeidsgivaravgift (DAA) vart innført i 2004. I 2007 var det gjennomført ein revisjon av ordninga, og mange av kommunane fekk etter dette redusert avgiftssats. Etter revisjonen fall kompensasjonen med skjønnsmidlar bort for desse kommunane. Men i nye Vestland har seks kommunar framleis ein høgare avgiftssats (14,1 % etter sone 1a). Dette gjeld kommunane Flora, Etne, Bømlo, Kvam, Sogndal og Førde. I 2014 var det på nytt revisjon av ordninga, som førte til at kommunane Tysnes, Kvinnherad og Jondal vart flytta frå sone 1a til sone 2 (10,6 % avgift). Neste revisjon av ordninga skal gjelde frå 2021, difor får kommunar som slår seg saman uendra avgiftssone i 2020. Kompensasjon for auka arbeidsgjevaravgift var fram til 2014 skilt ut som eige beløp i skjønnnsramma frå departementet. Frå 2015 vart kompensasjonen lagt inn i basisramma, og dermed ikkje synleg som eige beløp. Fylkesmannen har likevel valt å bruke auka sats for arbeidsgjevaravgift som eit kriterium for skjønnsmidlar, men gjennom ei årleg nedtrapping på 10 % f.o.m. 2016. Ei nedtrapping vert vidareført i 2020, også for kommunane som vart ført tilbake til sone 2 frå 2014. Ei nedtrapping er i samsvar med retningslinjene til departementet, men samtidig skal det kvart år gjerast ei ny samla vurdering av behovet for skjønnsmidlar til kvar av kommunane dette gjeld for. Dette er nærmare omtalt under kvar kommune.



- Sosiale kriterium
 - kommunar som har høge utgifter (høg eigendel per innbyggjar) knytte til særleg ressurskrevjande tenester
 - kommunar som har særlege utfordringar innan helse og sosial
- Kommunar med ein vanskeleg økonomisk situasjon
- Kommunane sitt utgiftsbehov (vurdert opp mot utgiftsutjamninga i inntektssystemet)
 - spreidd busetnad
 - utgifter knytte opp til å vere eit senter i regionen
 - utgifter til særlege miljøutfordringar knytte til forvaltning av samfunnet sine fellesressursar
 - andre særlege utgifter som kan vere utfordrande for kommunen.
- Midlertidige behov (ikkje registrert dette for 2020)
- Samla vurdering
 - heilskapleg vurdering av kommunen sin økonomiske situasjon
 - utvikling av folketalet over tid (reduksjon i folketalet krev omstillingar/tilpassingar etter reduserte inntektsoverføringer)
 - frie inntekter korrigerte for variasjon i utgiftsbehov
 - høge inntekter, t.d. frå kraftverksemder og Havbruksfondet
 - tildelinga skal vere føreseieleg frå år til år (t.d. ei nedtrapping skjer over tid).

Vurdering av kvar kommune i tildelinga

Under følgjer informasjon om ei overordna vurdering for kvar kommune som ligg til grunn for tildeling av ordinære skjønnsmidlar.

4601 Bergen

Dei store byane har opphoping av levekårsutfordringar, blant anna knytte til rus og psykiatri. Utgiftene til sosialhjelp er høge. Kommunen har vist til at inntektssystemet ikkje i tilstrekkeleg grad fangar opp at desse utgiftene er høgare for ein storby som Bergen enn for gjennomsnittet av kommunane. Kostnadsutviklinga innafor barnevernstenesta er også større enn det som følgjer av den demografiske utviklinga. Kommunen arbeider målretta med å betra oppvekstvilkåra for barn og unge og styrka det kulturelle og sosiale miljøet i område av byen som har opphoping av levekårsproblem. Det blir arbeidd med å få fleire barnefamiliar til å bli busette i eigde bustader. Bergen har etablert mottaks- og oppfølgingssenter (MO-senter) som ein del av rustiltaka. Det er også etablert sprøyterom som ein del av tiltaka. Som regionsenter gir kommunen tilbod også til innbyggjarar frå andre kommunar, t.d. innafor brannberedskap og kultur. Kommunen har også nasjonale oppgåver som sikring av kulturminne. Kommunen har høge utgifter til kulturføremål, noko som kjem heile regionen til nytte.

4602 Kinn

Samanslåing av Flora og Vågsøy. Samanlikna med landet har desse kommunane hatt svak folketalsutvikling dei seinare år. Både Flora og Vågsøy har ekstra utgifter til klassar med språkdeling (nynorsk-bokmål). Flora har ekstra utgifter til sosial, rus og psykiatri ettersom det er tilflytting av personar som har behov for slike tenester. Men skjønnsmidlar etter dette omsynet er trappa ned dei seinare åra. Flora får kompensasjon for høgare arbeidsgjevaravgift i sone 1a, men kompensasjonen er trappa ned med 10 % kvart år f.o.m. 2016, til 8,4 mill. kroner av basistilskotet for 2020. I samla vurdering er det lagt vekt på midlar frå Havbruksfondet for begge kommunane, grensejustering for området Bryggja, organisering av ny kommune med økonomiske utfordringar, spreidd busetnad og skyss av helsepersonell.



4611 Etne

Kommunen har frå og med 2004 vore plassert i sone for høgaste arbeidsgivaravgift. Kompensasjon for høgare avgift er blitt trappa ned i perioden 2015 - 2019. Kompensasjon for høgare avgift blir trappa noko ned også for 2020. Kommunen har utfordringar med trafikksikring langs dei smale vegane i kommunen. Dei lange tunnelane langs E134 i Åkrafjorden gir ekstra utgifter til brannberedskap. Kommunen har vist til at planprosessane er særleg krevjande. Kommunen har gjennomført ei betydeleg investering i nytt omsorgssenter. Investeringa har ført til auka gjeld og auka finansutgifter. Kommunen har utfordring med å rekruttera fagfolk, særleg sjukepleiarar.

4612 Sveio

Kommunen har hatt stor folkevekst over ein lang tidsperiode. Det har vore stor vekst i talet på barn i skulepliktig alder og det er gjennomført investeringar i skulesektoren. Kommunen har stor gjennomgangstrafikk både på veg og sjø, noko som krev høg beredskap. Den undersjøiske tunnelen til Stord er krevjande med omsyn til beredskap. Kommunen har mange vegar som er vurderte som trafikkfarlege. Det fører til store utgifter til skyss av skuleborn. Kommunen viser til stor kostnadsauke som følgje av nye normer for bemanning og bruk av pedagogar for barnehage.

4613 Bømlo

Kommunen er ein tidlegare vertskommune for HVPU - reforma og har relativt mange ressurskrevjande brukarar busette i kommunen. Kommunen har vist til høge kostnader knytte til ressurskrevjande tenester, også etter at det er gitt kompensasjon gjennom tilskotsordninga for ressurskrevjande tenester og inntektssystemet. Kommunen viser til at netto utgiftene i denne samanheng har auka vesentleg i dei siste åra. Kommunen har hatt ei svak inntektsutvikling i dei siste åra. Det skuldast både bortfall av ekstraordinært skjønnstilskot gitt årleg i perioden 2011 til 2016 for tap av omlegginga av inntektssystemet i 2011, omlegginga av inntektssystemet i 2017 og svak skatteutvikling. Kommunen har frå og med 2004 vore plassert i sone for høgaste arbeidsgivaravgift. Det er gitt årleg kompensasjon gjennom skjønnstilskot for dette. Kompensasjonen er trappa delvis ned i perioden 2015 - 2019. Vi legg opp til ytterlegare nedtrapping i 2020.

4614 Stord

Kommunen er eit regionsenter i Sunnhordland. Kommunen har mange gjestearbeidarar og studentar. Det er også relativt mange personar med særlege sosiale utfordringar som kjem til kommunen. Kommunen har høge utgifter knytte til rusomsorg. Ein stor del av utgiftene i sosialtenesta er knytte til personar med rusproblem. Kommunen har vist til eit stort etterslep på kommunalt vedlikehald. Det er gjennomført store investeringar i kommunen i dei siste åra. Kommunen er «ufrivillig åleine» i samband med kommunereforma. Kompensasjon for dette blir ikkje vidareført i 2020.

4615 Fitjar

Kommunen har mange ressurskrevjande brukarar. Brukarane i kommunen har høgare utgifter enn gjennomsnittet for ressurskrevjande brukarar. Etter at det er gitt tilskot gjennom tilskotsordninga for ressurskrevjande tenester, har kommunen likevel ein høg eigenfinansiering per innbyggjar. Det er ein stor økonomisk belastning for ein liten kommune. Kommunen har også vist til auke i andre utgifter i år, særleg til økonomisk sosialhjelp og til barnevernstenesta. Det er også vist til ekstra utgifter til fastlegeordninga og i samband med utbygging av sjukeheimen m.m. Kommunen har i dei siste åra fått auka eigedomsskatt som følgje av utbygginga av vindmøller. Kommunen fekk til og med 2016 årleg småkommunetilskot, 5 ½ mill. kroner i 2016. Dette tilskotet vart halvert for åra 2017 - 2019 som følgje av høg distriktsindeks. For 2020 kjem småkommunetillegget til å bortfalla heilt fordi kommunen per 01.01.2019 ikkje lenger hadde under 3200 innbyggjarar. Kommunen har i år hatt noko nedgang i folketalet slik at småkommunetillegget (50 prosent av fullt tilskot) kan eventuelt kome attende i 2021.



4616 Tysnes

Kommunen vart i 2004 plassert i sone for høgaste arbeidsgivaravgift og har fått kompensasjon gjennom skjønsmidlane for høgare avgift frå same året. Kommunen vart ført tilbake til sone 2 for avgift frå 01. juli 2014. Det er difor gjort trekk i rammetilskotet (særskilt fordeling) frå og med 2015, som følgje av reduksjonen i avgift som kom frå og med andre halvår 2014. Dette trekket blir trappa ned med 1/5 årleg, det vil seie med om lag kr 0,9 – 1,0 mill. kroner årleg til og med 2020. På denne bakgrunn reduserer vi gradvis den kompensasjonen som er knytt til arbeidsgivaravgifta. Kommunen får småkommunetillegg. Dette er redusert etter 2016 som følgje av graderinga av tilskotet knytt til høgare distriktsindeks. For 2020 vil dette tilskotet vera halvert samanlikna med fullt tilskot.

4617 Kvinnherad

Kommunen har høg eigedomsskatt frå vasskraftanlegg. Kommunen vart frå 2004 plassert i sone for høgaste arbeids-givaravgift. Kommunen vart tilbakeført til sone 2 for avgift frå andre halvår 2014. Det er difor gjort trekk på rammetilskotet (særskilt fordeling) frå og med 2015. Trekket er redusert med 1/5 - del i årleg nedtrapping, til og med 2020. På bakgrunn av den høge årlege eigedomsskatten frå kraftanlegg, finn vi ikkje å kunne gi skjønstillskot til kommunen.

4618 Ullensvang

Samanslåing av Jondal, Odda og Ullensvang.

Jondal: Kommunen vart frå 2004 plassert i sone for høgaste arbeidsgivaravgift og har fått kompensasjon gjennom skjønsmidlane for høgare avgift. Kommunen vart ført tilbake til sone 2 for avgift frå 01. juli 2014, slik at avgifta for kommunen vart redusert frå dette tidspunktet. Det er difor gjort trekk i rammetilskotet frå og med 2015. Trekket er redusert med 1/5 i ei årleg nedtrapping. På denne bakgrunn har vi gradvis redusert den kompensasjonen som er knytt til arbeidsgivaravgift. Kommunen får fullt småkommunetillegg. Dette vil inngå som ein del av inndelingstilskotet frå og med kommunesamanslåinga i 2020.

Odda: Kommunen har høg eigedomsskatt frå vasskraftanlegg. Det ordinære skattenivået er høgt, som følgje av naturressursskatt.

Ullensvang: Det har over mange år vore ein jamn nedgang i folketalet. Kommunen har hatt ei svak inntektsutvikling. Det er gjennomført fleire tiltak med sikte på å styrke økonomien, blant anna gjennom innsparing i skulestrukturen og utviding av eigedomsskatt til faste eigedomar i heile kommunen. Kommunen bygde på 1980 - talet to sjukeheimar. Desse sjukeheimane har hatt behov for ombygging og opprusting. Den kommunale heimehjelpa og legetenesta er krevjande som følgje av dei geografiske tilhøva. Kommunen har hatt ei spesiell utfordring med radon. Det er gjennomført prosjekt med sikte på å redusera helserisikoen.

4619 Eidfjord

Kommunen har høg eigedomsskatt frå vasskraftanlegg og høg naturressursskatt. Fylkesmannen finn ikkje å kunne gi skjønstillskot for 2020.

4620 Ulvik

Kommunen har eit relativt godt inntektsgrunnlag med eigedomsskatt frå vasskraftanlegg. Ordinaert skattenivå er relativt høgt som følgje av naturressursskatt. Kommunen vil få fullt småkommunetillegg også i 2020, som følgje av låg distriktsindeks. Kommunen fekk i 2018 eit ekstraordinært skjønstillskot på 1,0 mill. kroner, som følgje av uventa meirutgifter, m.a. til vikarlegar for å erstatta to av tre fastlegar. Fylkesmannen vil normalt ikkje gi skjønnstillskot til kommunen på bakgrunn av eit relativt høgt inntektsnivå.



4621 Voss

Samanslåing av Voss og Granvin.

Granvin: Kommunen har vist til særskilte utfordringar i samband med kommunesamanslåinga, både med omsyn til deltaking i prosjektarbeid og førebuing av framtidige innsparinger. Kommunen har vist til auka utgifter knytte til barnevern og ekstra ressursar til spesialpedagogisk støtte i skule og barnehage.

Kommunen har spreidd busetnad og som følgje av det mykje communal veg per innbyggjarar. Behovet for vedlikehald av vegane er stort, særleg på bakgrunn av auka nedbør, flaum og ras. Kommunen får fullt småkommunetilskot. Det vil inngå som ein del av inndelingstilskotet frå og med kommunesamanslåinga i 2020.

Voss: Kommunen har, i høve til innbyggjartalet, mange eldre innbyggjarar. Prosentdelen innbyggjarar frå 80 år og eldre er vesentleg høgare enn for landsgjennomsnittet. Ein stor del av dei ressurskrevjande brukarane i kommunen er eldre enn 67 år, slik at dei ikkje blir omfatta av tilskotsordninga for ressurskrevjande tenester. Kommunen har mange gjesteelevar ved dei vidaregåande skulane og talet på elevar som kjem frå andre kommunar er aukande. Kommunen viser til ein auke i talet på elevar med spesielle behov. Det er også blitt fleire komplekse barnevernssaker. Både prosentdelen barn med barnevernstiltak og utgiftene per barn har auka.

4622 Kvam

Kommunen har gjort store investeringar, mellom anna i ny struktur innafor skule- og barnehage-sektoren, og har eit høgt gjeldsnivå. Det er gjort struktur- og innsparingstiltak for å betra økonomien.

Kommunen har ein høg prosentdel eldre og det er auke i talet på ressurskrevjande brukarar.

Kommunen er eit regionsenter for vidaregåande skular. Det medfører auka behov for kommunale tenester. Kommunen er «ufrivillig åleine» i kommunereforma. Kompensasjon for dette blir ikkje vidareført i 2020. Kommunen har frå og med 2004 vore plassert i sone for høgaste arbeidsgivaravgift. Kommunen har fått ein årleg kompensasjon, som del av skjønstilskotet, knytt til arbeidsgivaravgifta. Kompensasjonen er trappa ned i perioden 2015 - 2019. Denne kompensasjonen blir trappa ytterlegare ned i 2020.

4623 Samnanger

Kommunen tapte på omlegginga til nytt inntektssystem frå 2017. Småkommunetilskotet vart halvert frå og med 2017 som følgje av høg distriktsindeks. Kommunen har gjennomført relativt store investeringar i dei siste åra, blant anna i ny sjukeheim, og har no fått ei høg lånegjeld.

4624 Bjørnafjorden

Samanslåing av Fusa og Os.

Fusa: Kommunen har i stor grad spreidd busetnad med mange mindre grender. Kommunen har mykje kommunal veg. Standarden på dei kommunale vegane er därleg og det er behov for opprusting. Den kommunale bygningsmassen har også behov for vedlikehald og oppgradering. Hausten 2016 vart det starta opp to nye privatskular i kommunen, i bygder der det ikkje lenger var kommunal skule. Det er no tre private skular i kommunen.

Os: Kommunen har over lang tid hatt høg folketalsvekst. Stort utbyggingsbehov har bidræge til at kommunen no har eit høgt gjeldsnivå. Det har vore stor tilflytting til kommunen frå Bergen. Kommunen har meirutgifter til språkdeling i skulen, på bakgrunn av at mange ynskjer bokmål. Kommunen er med i prosjektet statleg finansiering av omsorgstenestene. Kommunen viser til lågare veksttilskot i 2020 som følgje av lågare vekst i folketalet. Denne reduksjonen i veksttilskotet vil som kjend vera uavhengig av reduksjonen i veksttilskotet som følgje av kommunesamanslåinga, som delvis blir kompensert av departementet. Førebelse utrekningar syner eit betydeleg tap i dei frie inntektene knytt til



samanslåinga. Kommunen viser til at Fusa kommune har eit stort underskot i økonomiplanen for åra 2020 - 2022, sjølv med pårekna inntekt med 16 mill. kroner frå Havbruksfondet i 2020 og 2022. Kommunen viser til at det er krevjande å starta ein ny kommune med dette utgangspunktet.

4625 Austevoll

Kommunen har eit høgt ordinært skattenivå. Det skuldast høgt gjennomsnittleg nivå på inntekt og formue for innbyggjarane. Kommunen har eit høgt gjeldsnivå. Det kjem til å auka ytterlegare i år som følgje av store investeringar, i første rekke hovudbygget ved Austevoll ungdomsskule. Det aukar behovet for kommunale tenester, til dømes innan heimesjukepleie og brannberedskap.

4626 Øygarden

Samanslåing av Sund, Fjell og Øygarden.

Sund: Kommunen har tidlegare hatt høg vekst i folketalet. Veksten er no stagnert. Veksttilskotet er difor vesentleg redusert i perioden 2017 - 2019. Eit lakseslakteri i kommunen har gått konkurs. Det førte i 2018 til auka arbeidsløyse og auka sosialhjelputgifter.

Fjell: Kommunen har over lang tid hatt stor vekst i folketalet og har framleis ei ung befolknings-samansetjing. I dei eldre aldersgruppene er det langt færre innbyggjarar enn landsgjennomsnittet. Over tid vil kommunen få stor vekst i dei eldre aldersgruppene. Veksten i folketalet har vore noko lågare i dei aller siste åra. Veksttilskotet er difor redusert frå om lag 13 mill. i 2016 til knapt 5,2 mill. kroner i 2019. Kommunen har nynorsk som hovudmål. Ein stor del av foreldra vil ha bokmål for borna i skulen. Det fører til auka kostnader til språkdeling.

Øygarden: Kommunen har høg eigedomsskatt frå olje- og gassindustri. Kommunen hadde eigedomsskatt i 2018 med 160 mill. kroner. På bakgrunn av den høge eigedomsskatten, er det ikkje gitt skjønstilskot til kommunen.

4627 Askøy

Kommunen har hatt høg folkevekst i mange år og har ei ung befolkningssamansetjing. I dei eldre aldersgruppene har kommunen færre innbyggjarar enn landsgjennomsnittet. Det må pårekna ein stor vekst i dei eldre aldersgruppene over tid. Veksten i folketalet i dei siste åra har vore lågare enn tidlegare. Veksttilskotet til kommunen er redusert, frå kr 8,7 mill. i 2016 til kr 0,5 mill. i 2019. Det er gjennomført store investeringar på bakgrunn av veksten i folketalet. Kommunen har difor no eit høgt gjeldsnivå. Kommunestyret har vedteke ein handlingsregel om at veksten i lånegjelda skal vera avgrensa til ein årleg auke på maksimalt ni prosent. Kommunen har eit lågt ordinært skattenivå. Kommunen viser til at det er ei stor økonomisk utfordring å oppfylla lærarnorma og pedagog- og bemanningsnorma i barnehagar. På bakgrunn av lågt inntektsnivå, stort investeringsbehov og ung befolkningssamansetjing, har bemanninga i skular og barnehagar vore lågare enn gjennomsnittet for kommunane og krava i dei nye normene. Kommunen fekk i juni d.å. smitte i drikkevatnet. Dette førte til omfattande sjukdomsutbrot i sørlege delen av kommunen. Vi vil vurdera særskilt kompensasjon til kommunen som følgje av meirutgifter i denne samanheng. Dette vil bli vurdert i samband med fordelinga av attståande skjønsmidlar for inneverande år, i september/oktober d.å. Vi legg difor ikkje opp til nokon særskilt kompensasjon knytt til smitte i drikkevatnet i denne ordinære fordelinga for 2020.

4628 Vaksdal

Kommunen har lagt til rette for bustadbygging. Det har vore nødvendig med omfattande investeringar i infrastruktur for å få realisert utbyggingsprosjekt. Tekstilindustri og trikotasje var tidlegare viktige med omsyn til arbeidsplassar i kommunen. Sysselsetjinga i kommunen har vorte vesentleg redusert. Talet på arbeidsplassar er kraftig redusert dei siste 10 - 20 åra. Arbeidet med ny veg og jernbane krev mykje av kommunen. Prosjektet krev kommunale ressursar i eit større omfang enn det kommunen opphavleg



hadde pårekna. Kommunen må nytta ekstern kompetanse på fleire område. Topografien i kommunen gjer det særskilt krevjande å leggja til rette for bustader og næringsverksemd. Rasfare krev ekstra ressursar til førebyggande tiltak. Den mykje trafikkerte E16 gjennom kommunen krev auka beredskap på grunn av rasfare. Kommunen har relativt høg eigedomsskatt frå vasskraftanlegg.

4629 Modalen

Kommunen har høg naturressursskatt og eigedomsskatt frå vasskraftanlegg. Vi finn ikkje å kunne gi skjønstillskot for 2020.

4630 Osterøy

Kommunen har ein desentralisert busetnad med høge kostnader til mellom anna heimetenester og skuleskyss. Kommunen viser til ein stor auke i kostnader til skuleskyss, i hovudsak knytt til særskilt skyss. Kommunen har relativt mykje kommunal veg i høve til innbyggjartalet. Det er etterslep innan vegvedlikehald. Dette har vore nedprioritert over lang tid som følgje av svak økonomi. Innan helse- og omsorgssektoren har kommunen utfordringar med mange personar som krev ekstra mykje hjelp. Det har vore auke i tiltak for yngre brukarar av helse- og omsorgstenester i dei siste åra. Kommunen får i 2020 tre brukarar som kjem utanfor tilskotsordninga for ressurskrevjande tenester som følgje av alder.

4631 Alver

Samanslåing av Meland, Radøy og Lindås.

Meland: Kommunen har tidlegare hatt høg folkevekst. I dei siste åra har folkeveksten vore låg. Veksttilskotet er redusert vesentleg etter 2016. Det er framleis ei ung befolkningssamansetjing. Kommunen har framleis færre innbyggjarar i dei eldre aldersgruppene enn landsgjennomsnittet, men det har no vore ein stor vekst i aldersgruppa over 67 år. Det har gitt utfordringar med å auka tenestebehovet innan pleie- og omsorgssektoren. Kommunen har mange ekstraklassar innan skulesektoren som følgje av språkdeling. Mange av elevane i skulen ynskjer bokmål. Det har over tid vore ein sterk auke i rusrelaterte problem.

Radøy: Kommunen har eit lågt skattenivå. I 2018 var det ordinære skattenivået berre 74,2 prosent av landsgjennomsnittet. Kommunen har mange ressurskrevjande brukarar. Talet på registrerte psykisk utviklingshemma er vesentleg høgare enn for landsgjennomsnittet. Kommunen har vist til at stønad til livsopphald har auka mykje i dei siste åra. Det har blant anna samanheng med at det er registrert fleire storfamiliar utan lønsinntekt og at det er fleire personar med rusproblem.

Lindås: Equinor sitt oljeraffinerianlegg ligg på Mongstad i kommunen og gir høge eigedomsskatteinntekter. Eigedomsskatten til kommunen i 2018 var 169 mill. kroner. På bakgrunn av den høge eigedomsskatten frå Mongstad anlegget, er det ikkje gitt skjønstillskot til noverande Lindås kommune.

4632 Austrheim

Kommunen har vist til store utgifter knytt til ressurskrevjande og minoritetsspråklege elevar innan skule og barnehage. Kommunen har hatt ein periode med stor arbeidsløyse, parallelt med aukande tal flyktningar som var ferdige med introduksjonsprogrammet. Kommunen har hatt eit godt inntektsgrunnlag, både som følgje av høg personskatt og eigedomsskatt frå ein del av Mongstad-anlegget. Kommunen har dei siste åra hatt svak skatteutvikling, særleg i 2017. Det skuldast arbeidsløyse knytt til den vanskelege situasjonen som var i oljenæringa. Det ordinære skattenivået er blitt vesentleg redusert samanlikna med landsgjennomsnittet. Kommunen får 50 prosent trekk av fullt småkommunetillegg, som følgje av høg distriktsindeks. Kommunen har attståande meirforbruk i rekneskapen, knapt 5,0 mill. kroner, og er registrert i Robek. Attståande meirforbruk er planlagt dekt inn i 2019 og 2020. Kommunen har, etter avtale med fylkesmannen, gjort nærmere greie for tiltak med sikte på å tilpassa driftsnivået til eit lågare nivå. Fylkesmannen vil videreføra det ordinære skjønstillskotet på



same nivå frå 2019 til 2020. Ekstra tilskot blir vurdert i samband med restfordelinga av skjønstillskot for 2019.

4633 Fedje

Kommunen hadde over lang tid ei negativ utvikling i folketalet. I dei siste åra har folketalet vore stabilt. Næringslivet ynskjer at kommunen skal vera ein koordinator for dei nye satsingane som er kome i gang. Kommunen hadde eit svakt resultat for 2018. Det har for ein stor del samanheng med skifte av rådmann. Dette vil også få konsekvensar for 2019. Kommunen har fått fullt småkommunetillegg som følgje av låg distriktsindeks. Fullt småkommunetillegg kan også pårekna for 2020.

4634 Masfjorden

Kommunen har eit godt inntektsgrunnlag som følgje av naturressursskatt og eigedomsskatt frå vasskraft-anlegg. Kommunen får småkommunetillegg. Dette er halvert samanlikna med fullt tilskot som følgje av høg distriktsindeks. Fylkesmannen finn ikkje å kunne gi ordinært skjønstillskot for 2020 til kommunen.

4635 Gulen

Kommunen har samanlikna med landet hatt ei svak folketalsutvikling dei seinare år. Etter folketalet har kommunen høge utgifter til ressurskrevjande tenester. Spreidd busetnad betyr auka utgifter til tenester som skular og barnehagar. Kommunen har bygt seg opp ein tilfredsstillande økonomi, der sum overskot og disposisjonsfond er på 19 % av driftsinntektene (60,6 mill. kroner) per 31.12.18. Frie inntekter inkl. eigedomsskatt og konsesjonskraft/heimfallsinntekter korrigerte for variasjonar i utgiftsbehov ligg på 112 % av landsgjennomsnittet (100). Etter ei samla vurdering finn ikkje Fylkesmannen å gi ordinært skjønnstillskot for 2020 til kommunen.

4636 Solund

Kommunen har hatt god folketalsutvikling dei seinare åra. Gjennom m.a. midlar frå Havbruksfondet i 2018 er økonomien styrkt, og kommunen hadde 24 mill. kroner i overskot og fond pr. 31.12.18, som utgjer 18 % av driftsinntektene. Frie inntekter inkl. eigedomsskatt og konsesjonskraft/heimfallsinntekter korrigerte for variasjonar i utgiftsbehov ligg på 113 % av landsgjennomsnittet (100). Det er gjennomført strukturendringar med effektiviseringar for områda skule og barnehage. Kommunen får skjønnsmidlar etter ei samla vurdering for spreidd busetnad, skyss helsepersonell, utgifter til spesielt verdfulle naturtypar som krev skjøtsel og oppfølging.

4637 Hyllestad

Kommunen har hatt negativ folketalsutvikling gjennom fleire år. Kommunen har gjennomført strukturendringar med effektiviseringar innan skule og barnehage. Økonomien er betre etter å ha fått midlar frå Havbruksfondet i 2018, og etter dette er sum disposisjonsfond 15 mill. kroner per 31.12.18, som utgjer 8 % av driftsinntektene. Frie inntekter inkl. eigedomsskatt og konsesjonskraft/heimfallsinntekter korrigerte for variasjonar i utgiftsbehov ligg på 106 % av landsgjennomsnittet (100). Kommunen har ei stor hjørneverksemd med relativt mange gjestearbeidarar som ikkje er folketalsregisterte i kommunen, men som kommunen må gje tenester til. Hyllestad får tildelt skjønnsmidlar etter ei samla vurdering på løpende vanskeleg økonomi, spreidd busetnad, utfordringar for omsorgstenester med høvesvis mange eldre og svak folketalsutvikling.

4638 Høyanger

Kommunen har over tid hatt negativ folketalsutvikling. Kommunen har høge inntekter frå kraftverksemder og fekk i 2018 midlar frå Havbruksfondet. Frie inntekter inkl. eigedomsskatt og konsesjonskraft/heimfallsinntekter korrigerte for variasjon i utgiftsbehovet ligg på 140 % av landsgjennomsnittet på 100. I ei samla vurdering får ikkje kommunen tildelt skjønnsmidlar.



4639 Vik

Over tid har kommunen hatt ei svak utvikling i folketalet. Kommunen har aukande til utgifter til ressurskrevjande tenester, og etter folketalet høge utgifter. Kommunen har kraftinntekter, som gjev utgiftskorrigerte frie inntekter inkl. eigedomsskatt og konsesjonskraft/heimfallsinntekter godt over gjennomsnittet for landet, 118 % mot eit landsgjennomsnitt på 100. Etter mange år i Robek som følgje av Terra-saka, er det eit stort etterslep på vedlikehald av kommunale bygningar/-eigedomar. Kommunen skal gjere endringar i skulestrukturen, som eit tiltak for å få til ein berekraftig driftsøkonomi. Overskot og disposisjonsfond på 28 mill. pr. 31.12.18, som utgjer 8 % av driftsinntektene. Etter ei samla vurdering får ikke kommunen tildelt skjønnsmidlar.

4640 Sogndal

Samanslåing av kommunane Balestrand, Leikanger og Sogndal. Samla sett har desse kommunane over tid hatt ei god folketalsutvikling. I 2018 hadde kommunane Balestrand og Leikanger kvar for seg høge utgifter til ressurskrevjande tenester målt etter folketalet. Sogndal har tidlegare vore vurdert og fått midlar etter sosiale kriterium som tilflyttingskommune, men dette er trappa ned dei seinare åra og blir det også for 2020. Sogndal har fått kompensasjon for høgste sats arbeidsgjevaravgift, men kompensasjonen er trappa ned med 10 % kvart år f.o.m. 2016, til 4,1 mill. av basilstiskotet for 2020. Den nye kommunen får ein inngang med god økonomi, m.a. hadde dei tre kommunane overskot og frie fond pr. 31.12.18 på 182,4 mill. kroner. Ligg over gjennomsnittet for frie inntekter inkl. eigedomsskatt og konsesjonskraft/heimfallsinntekter korrigerte for variasjonar i utgiftsbehov. Samla vurdering av skjønnsmidlar er gjort ut frå etablering av ny kommune, som reiseavstandar/-tid, organisering, utgifter til ressurskrevjande tenester og andre sosiale kriterium.

4641 Aurland

Kommunen har hatt positiv folketalsutvikling dei seinare åra. Kommunen har høge kraftinntekter, og derav frie inntekter inkl. eigedomsskatt og konsesjonskraft/heimfallsinntekter korrigerte for variasjonar i utgiftsbehov som ligg på 176 % etter eit gjennomsnitt for landet på 100. Kommunen har etter folketalet høge utgifter til ressurskrevjande tenester. Etter samla ei vurdering får ikke Aurland skjønnsmidlar.

4642 Lærdal

Kommunen har hatt mindre endringar/stabilt folketal dei seinaste åra. Kommunen har høge kraftinntekter, og derav frie inntekter inkl. eigedomsskatt og konsesjonskraft/heimfallsinntekter korrigerte for variasjonar i utgiftsbehov som ligg på 113 %, etter eit gjennomsnitt for landet på 100. Kommunen har høge utgifter til ressurskrevjande tenester etter folketalet, men ein reduksjon i 2018. Etter ei samla vurdering får ikke kommunen tildelt skjønnsmidlar.

4643 Årdal

Kommunen har hatt negativ utvikling i folketalet over fleire år. Kommunen har høge inntekter frå kraftverksemder og industriverksemder, men har fått reduksjonar dei siste åra. Men framleis ligg frie inntekter inkl. eigedomsskatt og konsesjonskraft/heimfallsinntekter korrigerte for variasjonar i utgiftsbehov på 118 %, samanlikna med eit gjennomsnitt for landet på 100. Årdal har høge utgifter til ressurskrevjande tenester målt etter folketalet i kommunen. Men etter ei samla vurdering med vekt på inntektene, får kommunen ikkje tildelt skjønnsmidlar.

4644 Luster

Kommunen har positiv til stabil folketalsutvikling dei seinare år. Kommunen har høge inntekter frå kraftverksemder, og derav frie inntekter inkl. eigedomsskatt og konsesjonskraft/heimfallsinntekter korrigerte for variasjonar i utgiftsbehov som ligg på 113 % av eit landsgjennomsnitt på 100. Etter folketalet brukar kommunen noko større utgifter til ressurskrevjande tenester. Etter ei samla vurdering gjev vi ikkje kommunen skjønnsmidlar.



4645 Askvoll

Kommunen har i sum hatt ei positiv folketalsutvikling dei seinare år. Etter kommunestorleik har kommunen noko høge utgifter til ressurskrevjande tenester i 2018, som er uendra frå 2017. Kommunen har over tid opparbeid seg betre/god økonomi, og sum disposisjonsfond med overskot utgjer 40,5 mill. pr. 31.12.18, eller 12 % av driftsinntektene (etter m.a. midlar frå Havbruksfondet). Frie inntekter inkl. egedomsskatt og kensesjonskraft/heimfallsinntekter korrigerte for variasjonar i utgiftsbehov ligg på 98 % av landsgjennomsnittet (100). Kommunen har utgifter til spesielt verdfulle naturtypar som krev skjøtsel og oppfølging.

4646 Fjaler

Kommunen har hatt svak folketalsutvikling for dei siste åra. Utgifter til ressurskrevjande tenester aukar, og er høge etter kommunestorleiken. Kommunen har 25 mill. i disposisjonsfond og overskot etter 2018, som utgjer 7 % av driftsinntektene. Frie inntekter inkl. egedomsskatt og kensesjonskraft/heimfallsinntekter korrigerte for variasjonar i utgiftsbehov ligg på landsgjennomsnittet (100). Kommunen fekk inntekter frå Havbruksfondet i 2018.

4647 Sunnfjord

Samanslåing av kommunane Gauldal, Jølster, Førde og Naustdal. Samla sett er det positiv folketalsutvikling, men under landsgjennomsnittet dei seinaste åra. Utgifter til ressurskrevjande tenester er noko høgt målt etter folketalet. Førde har fått skjønnsmidlar etter andre sosiale omsyn, som eit senter for tilflyttingar (rus, psykiatri). Men dette er trappa ned dei seinare år, også for 2020. Førde har fått kompensasjon for høgste sats arbeidsgjevaravgift, men kompensasjonen er trappa ned med 10 % kvart år f.o.m. 2016, til 6,5 mill. av basistilskotet for 2020. Kommunane ligg rundt gjennomsnittet i frie inntekter inkl. egedomsskatt og kensesjonskraft/heimfallsinntekter korrigerte for variasjonar i utgiftsbehovet. Kommunen har god økonomi, samla 138 mill. kroner i fond og overskot for dei fire kommunane pr. 31.12.18. Sunnfjord får tildelt skjønnsmidlar etter ei samla vurdering med ny kommune som organisering av tenester, tilpassing reiseavstand/-tid, ressurskrevjande tenester og andre sosiale kriterium.

4648 Bremanger

Kommune har hatt negativ folketalsutvikling over feire år. Kommunen har høge utgifter til ressurskrevjande tenester, også ein auke frå 2017 til 2018. Kommunen har høge kraftinntekter, og derav frie inntekter inkl. egedomsskatt og kensesjonskraft/heimfallsinntekter korrigerte for variasjonar i utgiftsbehov som ligg på 120 % av eit gjennomsnitt for landet på 100. Dette er ein Robek-kommune med eit akkumulert underskot per 31.12.2018 på 21,7 mill. kroner. Kommunen har utfordringar med ubalanse i drifta, m.a. for å tilpasse ein skulestruktur etter behov og inntekter. Vi tildeler ikkje skjønnsmidlar på grunn av inntektsgrunnlaget.

4649 Stad

Samanslåing av kommunane Selje og Eid. Kommunen har samla sett positiv folketalsutvikling, men under landsgjennomsnittet dei seinare år. Kommunane har etter folketalet høge utgifter til ressurskrevjande tenester, men hadde ein reduksjon frå 2017 til 2018. Selje fekk i 2018 midlar frå Havbruksfondet. Stad (Eid) blir vertskommune for psykiatrisenter/opphold i statleg institusjon. Kommunen meiner dette fører til høgare utgifter innan, barnevern, sosialhjelp, psykiatri, og rus. Eid la i 2017 fram eit oversyn på til saman 10 mill. kroner for tiltak til personar som har flytta til kommunen med bakgrunn i tilknyting til institusjonar som er lokaliserte i kommunen. Ut frå dette blir kommunen vurdert etter sosiale kriterium under samla vurdering. Frie inntekter inkl. egedomsskatt og kensesjonskraft/heimfallsinntekter korrigerte for variasjonar i utgiftsbehov ligg under gjennomsnittet for landet. I sum hadde Selje og Eid 75 mill. i disposisjonsfond og overskot per 31.12.18. Etter samla vurdering med ny kommune som



organisering av tenester, tilpassing reiseavstand/-tid, ressurskrevjande tenester og andre sosiale kriterium får kommunen tildelt skjønnsmidlar.

4650 Gloppen

Positiv folketalsutvikling dei seinare år, men under gjennomsnittet for landet. Kommunen har auka utgifter til ressurskrevjande tenester frå 2017 til 2018. Frie inntekter inkl. eigedomsskatt og konsesjonskraft/heimfallsinntekter korrigerte for variasjonar i utgiftsbehov ligg like under landsgjennomsnittet. Kommunen fekk midlar frå Havbruksfondet i 2018 (1,7 mill.). Sum overskot og disposisjonsfond per 31.12.2018 er på 15 mill. kroner, som utgjer 3 % av driftsinntektene. Kommunen får skjønnsmidlar etter høge utgifter til ressurskrevjande tenester målt etter folketalet.

4651 Stryn

Svakt negativ folketalsutvikling dei seinare år. Kommunen har opparbeidd seg ein god økonomi med m.a. 61 mill. kroner i disposisjonsfond og overskot, som utgjer 9 % av driftsinntektene per. 31.12.2018. Kommunen har frie inntekter per innbyggjar inkl. eigedomsskatt og konsesjonskraft/heimfallsinntekter korrigerte for variasjonar i utgiftsbehov som ligg under landsgjennomsnittet, 96 % av gjennomsnittet på 100. Stryn vart ufrivillig åleine etter kommunereforma (vedtok samansiåing med Hornindal kommune), og får etter dette gradert basistilskot, som utgjer 0,79 av eit fullt tilskot. Kommunen fekk delvis kompensasjon for dette i to år, men dette er avslutta no. Etter ei samla vurdering tildeler vi ikkje skjønnsmidlar til kommunen.

Med helsing

Gunnar O. Hæreid
ass. fylkesmann

Nils Erling Yndesdal
kommunaldirektør

Vedlegg:
Excel-ark med fordelinga

Dokumentet er elektronisk godkjent